

---

 Saksnr: 2020/43313-58  
 Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik
 

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovedutval for kultur, idrett og integrering		04.11.2020

**Kulturelt utviklingsprogram (KUP). Tildeling 2020**

Forslag til vedtak

Hovedutval for kultur, idrett og integrering løyver 7 200 000 kroner frå Kulturelt utviklingsprogram til:

	Søklar	Prosjektnamn	Periode	Tilråding
1	Bergen internasjonale litteraturfestival	Literature Live Around the World	3 år	600 000
3	BERGEN METAL FEST	Beyond the Gates digital 2021	1 år	150 000
4	BERGEN OG HORDALAND TURLAG	Kompetanse-heving	3 år	300 000
6	Bergen Sanitetsforening	Sammen om det	1 år	200 000
7	BERGENS KUNSTFORENING	Produsent for inkludering og kulturelt mangfold	3 år	300 000
8	BLOKK	Flokk - et felles visningslokale og kompetanse-senter for kunstnerdrevne tiltak i Bergen	3 år	900 000
11	FOLKE-AKADEMIET HORDALAND	Fun Palaces Vestland	3 år	200 000
12	FORENINGEN V-O-L-T	Toårig program	2 år	300 000
13	FORENINGEN MIKROLABS	Beyond the Joystick	2 år	150 000
15	Heidi Torsvik	Hidden Soul of the Fjords	2 år	400 000
19	KIOSKENSTUDIO	Kiosken 2021-2022	2 år	400 000
20	KUNSTGARASJEN	Forprosjekt: kartlegge og behovsprøve geografisk utvidelse av Kunstgarasjen, Fra Hordaland til Vestland.	1 år	175 000
21	KUNSTLOGEN AS	Kunst- og designportalen	1 år	100 000

22	LUSTER KOMMUNE	Kulturen i Naturen	3 år	300 000
23	NORDHORDLAND SONG- OG MUSIKK-VERKSTAD	Kystbarnesongen	3 år	470 000
25	NY MUSIKK BERGEN	Lydbruket Vest	1 år	145 000
27	Oselvar-verkstaden	Utvikling av Oselvar-verkstaden	1 år	100 000
28	PREFORM AS	Produksjons-samarbeid i Fjaler	1 år	200 000
29	PROSCEN - PRODUSENT-ENHET FOR SCENEKUNST	Verkstedordsordning på Cornerteateret for scenekunstheltet	1 år	120 000
30	ROM FOR ORD - Litterære møtestader i distrikta	Samtidsforteljingar og digital formidling	2 år	200 000
35	STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Mulighetsstudie for etablering av urbant bygningsvern-senter i Bergen	1 år	150 000
37	STIFTELSEN VESTNORSK JAZZSENER	Vestnorsk Jazzensemble 2021-2023	3 år	700 000
38	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Morgondagens felemakarar	2 år	200 000
42	TEKSTALLIANSE	Tekstallianse: Distrikt og digitalisering	1 år	200 000
44	VISP - PRODUKSJONS-ENHET FOR VISUELL KUNST	Kunstutleie	3 år	240 000
	<b>SUM</b>			<b>7 200 000</b>

Følgjande søknadar blir ikkje innvilga:

	Søklar	Prosjektnamn	Periode	Totale utgifter	Søknads-sum
2	Bergen Lights, Bergen Internasjonale Lysfestival	Bergen Lights, Bergen Internasjonale Lysfestival	3 år	3 285 460	300 000
5	BERGEN RUNDT AS	Gjest Baardsen Kjeller	1 år	400 000	300 000
9	CRESCAT AS	En studie: Hvordan samarbeider arrangører med scener og kulturhus?	1 år	300 000	300 000
10	EVENTYR I PARKEN	Interaktive vandreteater for barn i Vestland fylke	1 år	1 125 128	200 000
14	FORSKNING TIL FOLKET - HENRIETTE CHRISTIE ERTSÅS	Vilde Virus - Populærviten-skapelig teater om virus i anledning Koronaepidemien	1 år	140 000	100 000
16	HORDALAND KUNSTSENER	100% curator in mediation position - Daniela Ramos	2 år	1 068 688	1 068 688
17	Isotop Fellesatelier	Kulturelt utviklingsprogram Isotop 2021-2023	3 år	1 005 408	500 000
18	KATHRINE BAUCK-NORDEIDE MUSIKK	INDEX:	1 år	153 000	45 000
24	NORWAY FRINGE FESTIVAL AS	Bergen Fringe Residency	3 år	262 419	150 000

26	<b>NÆRØYFJORDEN VERDSARVPARK</b>	Forteljarstien	2 år	180 000	180 000
31	<b>SOGN OG FJORDANE SYMFONI-ORKESTER</b>	Toårig samarbeid Sofork og Gloppen musikkfest.	2 år	455 000	200 000
32	<b>SOGNDAL KOMMUNE</b>	Sogndal kulturhus - som regionalt senter for kulturproduksjon	3 år	3 103 000	1 140 000
33	<b>STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN</b>	Forprosjekt Nytt brannhistorisk museum i Bergen	1 år	1 500 000	500 000
34	<b>STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN</b>	Bruk av Design tenkning- metodikk for bedre brukeropplevelser og riktig publikums- segmentering	1 år	281 500	200 000
36	<b>STIFTELSEN MUSEUM VEST</b>	Spelet om Bryggen - i hanseatenes fotspor	1 år	500 000	175 000
39	<b>STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM</b>	Maritim vitenpark ved Hardanger fartøyvernseater	3 år	2 100 000	600 000
40	<b>STIFTINGA MUSEUMS- SENTERET I HORDALAND</b>	Berekraftig formidling av sårbare samlingar og trua kunnskap	2 år	2 650 000	950 000
41	<b>SVEIO KOMMUNE</b>	Arenautvikling i Fartein Valen sitt landskap	2 år	752 000	300 000
43	<b>VILL VILL VEST</b>	Vill Vill Vest musikk- og bransjefestival	3 år	2 812 500	600 000

## Samandrag

<b>Generelt:</b>	
Budsjett 2020:	7 200 000 kroner
Kan avsetast til prosjekt som gjeld idrett og friluftsliv:	500 000 kroner
Søknadsfrist 2020:	8.august
Vedtaks kriteria og programområde:	Hovedutval for kultur, idrett og integrasjon. <a href="#">PS 70/2020</a>
Informasjon om ordninga:	<a href="#">Informasjon på nettsida</a>

<b>Fordeling 2020:</b>	
Tal på søknadar:	44
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	25
Samla søknadssum:	16 458 688
Tilrådd fordeling:	7 200 000

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny B. Skaar  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

KUP er eit verkemiddel for større satsingar i kulturlivet i Vestland, og skal støtte nyskapande og målretta prosjekt initierte av kulturlivet. KUP er eit supplement til Vestland fylkeskommune sin øvrige innsats på kulturområdet, og til annan offentleg eller privat økonomisk medverknad.

KUP vart etablert i Hordaland fylkeskommune i 2010 og hadde fram til 2019 mellom 50 og 90 søknadar årleg. Tal på søknadar i år er noko lågare samanlikna med åra i Hordaland. I tillegg er tal på søknadar frå Sogn og Fjordane låg. Fylkesdirektøren vurderer den pågåande koronapandemien til å vere hovudårsaken til at tal på søknadar er mykje lågare enn forventa. Vidare er det mogleg at informasjon om ordninga ikkje har nådd godt nok ut til innbyggjarane i heile fylket. Det vil difor vurderast korleis vi kan marknadsføre ordninga betre i 2021.

Vi har motteke relativt få søknadar som er knytt til koronapandemien. Dei fleste av desse er med blant dei som er tilrådd støtte.

### Overordna kommentarar til innstillinga

Kultursatsingane i Vestland fylkeskommune er vedtekne gjennom regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025; *PREMISS: KULTUR*, og i regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027; *Kultur for alle*. Desse planane vil gjelde i det geografiske området dei er vedteke i fram til regional plan for kultur i Vestland er vedteken. Vidare vil *PREMISS: KULTUR* og *Kultur for alle* liggje til grunn for fylkeskommunen sine prioriteringar og er saman viktige reiskap i vurderinga av KUP-søknadene.

Det er sett opp følgjande vilkår som søknadane har vore vurdert opp mot:

Absolutte kriterium:

- Søknaden skal vera innretta mot eit eller fleire programområde:
  - A. Formidling og deltaking
  - B. Samordning og samhandling
  - C. Kunstløft. Kunstnarleg nyskaping
- Søknaden skal ha betydning for større regionar eller heile fylket

Skjønsmessig vurdering:

- i kva grad prosjektet har resultat som bidreg til å oppfylle mål i programområdet
- i kva grad prosjektet er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- i kva grad prosjektet har eit høgt kvalitativt nivå
- i kva grad prosjektet vil føre til meirverdi for kultursektoren
- i kva grad prosjektet klarer å bli synleg
- i kva grad prosjektet kan seiast å ha berekraft og gjennomføringsevne
- i kva grad ein har lukkast med å samarbeide med andre og på tvers av kultursektoren
- i kva grad ein kan oppnå full prosjektfinansiering (nasjonal/internasjonalt)
- i kva grad ein har tatt med vurdering av eventuell drift av tiltaket etter prosjektperioden (varig drift)

Det er fagleg og kunstnarleg breidde i dei tilrådde løyvingane, og dei fleste sjangrar / felt innan kulturlivet er representerte. Alle tilrådde prosjekt har sterk relevans i programområda og oppfyller viktige kultursatsingar i Vestland fylkeskommune.

Det har vore viktig å halde fast ved at dette er utviklingsmidlar og skal gje høve til utprøving av nye idear. Alle tilrådde prosjekt har ein klår prosjekttanke og tydelege utviklingsmål. Dei utvalde prosjekta skal også i all hovudsak vere nye satsingar og tiltak.

Fleire av søknadane gjeld støtte til tiltak som ligg tett på ordinære driftsoppgåver. Generelt vert det stilt krav til kunst- og kulturinstitusjonar om løypande arbeid med vidareutvikling. Dette gjeld også ved tildeling av driftsstøtte. For søkjarar som mottar driftsstøtte vil det være særleg krav til utviklingsperspektiv utover det som kan forventast innan driftsramma.

Ei problemstilling som har vore viktig å forhalda seg til i KUP er ei evt. vidareføring av tiltak som får KUP-midlar. I kva grad søkjar har tatt med ei vurdering av avslutting av prosjektet, eventuell drift av tiltaket, etter prosjektperioden er såleis eit viktig vurderingsmoment. Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett er stramt og med lite høve for å få inn nye aktørar for driftsstøtte.

Det vert også tilrådd støtte til forprosjekt i denne saka. Det er her viktig å understreke at ei løyving til eit forprosjekt ikkje gir bindingar for vidare støtte av eit eventuelt hovudprosjekt. Dette gjeld verken gjennom KUP eller andre prosjekttilskot.

Framlegg til vedtak må sjåast i samanheng med fylkesrådmannen sine vurderingar i søknadsoversikta som følgjer som vedlegg til saka. Nummereringa i vedtaket viser til nummereringa i oversikta.

Vedtakskompetanse

Utval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

**Klima:** Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

**Folkehelse:** [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, [Kultur for alle](#), og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, [PREMISS: KULTUR](#) set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektør rår til at 7 200 000 kroner vert løyvd til og fordelt til 25 av prosjekta blant dei 44 KUP-søknadane.